



*Vinje
kommune*



HOVUDPLAN VEG 2015 - 2020

Innhold

1. Innleiing	4
2. Overordna mål for vegstandarden	4
3. Organisering av forvaltning og drift	4
3.1 Forvaltning	4
3.2 Drift	5
3.2.1 Somnardrift	5
3.2.2 Vinterdrift	5
3.2.3 Overvasshandsaming	5
3.2.4 Bemanning	6
3.3 Beskriving og tilstand av det kommunale veganlegget	6
3.3.1 Vegar – beskriving og tilstand	6
3.3.2 Bruer og kulvertar – beskriving og tilstand	9
3.3.3 Ljosanlegg	9
3.3.4 Rekkverk	10
4. Prioriteringar av framtidige investeringar	11
4.1 Prioritering av vegprosjekt	11
4.1.1 Prioriteringsliste vegprosjekt 2015-2018	11
4.2 Dimensjonering og klassifisering av vegar	12
4.2.1 Vegar som bør ha auka bruksklasse	12
4.2.2 Fjerning av akseltrykkreduksjonar	12
4.2.3 Grusdekke eller fast dekke	13
5. Nasjonale og lokale føringar	13
5.1 Nasjonale føringar	13
5.1.1 Plan og bygningslova	13
5.1.2 Veglova	14
5.2 Lokale føringar	14
5.2.1 Retningslinjer for klassifisering av privat og/eller kommunal veg	14
5.2.2 Reglar for tilskot til drift av private vegar	14
5.2.3 Trafikksikringsplan	14
5.2.4 Arealplanar	14

5.2.5	Klima- og Energiplan Vinje kommune.....	15
6.	Økonomiplan og budsjett.....	15
6.1	Investeringar 2014-2017.....	15
6.2	drift.....	15
6.3	Kostratal.....	16
7.	Vedleggsoversikt.....	17
	Vedlegg 1 – Vegliste Vinje kommune.....	17
	Vedlegg 2 - Forsterkning av kommunale vegar i Vinje kommune - Rambøll.....	17
	Vedlegg 3 – Notat berevningmålingar Vinje kommune 2013 - Rambøll.....	17
	Vedlegg 4 – Kart over dei ulike strekningane - Rambøll.....	17
	Vedlegg 5 – Føresegner for klassifisering kommunal/privat veg.....	17
	Vedlegg 6 – Reglar for kommunalt tilskot til privat veg VK.....	17
	Vedlegg 7 – Tilstand bruer i Vinje kommune.....	17
	Vedlegg 8 – Vegplan 2013 - 2016.....	17
	Vedlegg 9 – Diverse utgreingar ras, flaum.....	17
	Vedlegg 9-1 – Utgardsvegen 2006 - Stabilitet.....	17
	Vedlegg 9-2 – Utgardsvegen 2013 – Stabilitet.....	17
	Vedlegg 9-3 – Bratlandsfeltet 2006 – Ras.....	17
	Vedlegg 9-4 – Sagabekken - Flaum.....	17

1. INNLEIING

Hovudplan veg er ein separat plan som skal synleggjere utfordringane for Vinje kommune innom vegsektoren dei neste 4 - 10 år. Planen skal gjere greie for investeringsbehov og naudsynt driftsnivå fram mot 2018-2025.

Grunnlaget for rapporten er bl.a. ein berevning utført av Rambøll AS sommaren/hausten 2013 og forslag til tiltak er gjort med bakgrunn i desse målingane. I tillegg er det ei generell vurdering i høve trafikkgrunnlag utifrå antal fastbuande, skuleborn og næringsaktivitet.

I grunnlag for val av prioritering ligg og trong for sikring av skråningar, ras og generell trafikktryggleik.

2. OVERORDNA MÅL FOR VEGSTANDARDEN

Vinje kommune skal ha ein vegstandard som tilfredsstiller dei krav ein offentleg veg bør ha i høve nasjonale retningsliner. I hovudssak betyr det at statens vegvesen sine handbøkar skal ligge til grunn for utforming og dimensjonering. Med offentleg veg meinast her alle installasjonar knytt til veg her under bruer, rekkverk, skilting, merking, ljosanlegg osv. Vinje kommune skal ha følgjande målsetjing for prioritering av vegvedlikehald:

- Ivareta tryggleiken for trafikantane – både dei køyrande og dei mjuke (gåande, syklande)
- Arbeide for 10 tonns akseltrykk på heilårsvegar i framtidige vedlikehaldsprosjekt – dette betyr at vegstandarden skal aukast på ein del vegar slik at t.d. nedsetjing av akseltrykk under teleløysinga ikkje lenger er naudsynt samt at bruksklassa skal aukast på vegar der dette er naudsynt frå Bk 8 til Bk 10.

3. ORGANISERING AV FORVALTNING OG DRIFT

3.1 FORVALTNING

Vinje kommune er vegmyndighet for dei kommunale vegane i samsvar med veglova og er delegert denne mynda gjennom kommunens delegasjonsreglement. I tillegg er kommunen høyringsinstans for andre offentlege og private vegeigarar i høve tiltak på ikkje kommunale vegar og i kryssingspunkt mellom ikkje kommunal og kommunal veg.

Typiske saker der kommunen er inne som forvaltningsmyndighet er saker knytt til skiltplanar, nedsetjing av fartsgrenser, klassifisering av vegar, akseltrykk, kollektivknutepunkt, forvaltning av kartdata osv.

Vinje kommune gjev også tilskot til drift av private vegar etter retningsliner vedteke i formannskapet. Det er særleg fastbuande langs lange private adkomstvegar som kjem

innanfor ordninga med tilskot. Budsjettet for tilskot har ligge fast dei siste åri på om lag kr 310 000 fordela på 27 søkjarar.

Når det gjeld trafikktrykkleik og gjennomføring av tiltak har Vinje kommune ein eigen trafikksikringsplan. I trafikksikringsplanen ligg det inne særlege tiltak knytt til siktsoner, belyningsanlegg, kryssingspunkt, skilting og andre tiltak som har som målsetjing å trygge samferdselsanlegga i kommunen.

For vidare god forvaltning av veganlegget er det og ynskje om oppdatering av den kommunale vegbasen samt dataverktøy for systematisering av vegprofilar og bilete.

3.2 DRIFT

3.2.1 Sommar drift

Vinje kommune organiserar den daglege drifta noko ulikt sommar og vinterstid. I hovudsak er drifta kommunale sommartid men med noko leige av private entreprenørar på større vedlikehaldsoppgåver og ved særskild krevjande tilhøve som flaum, ras, osv. I tillegg vert større investeringsoppgåver løyst ved at oppsynsmann fylgjer opp desse kontraktørane i visse område. Døme på slike prosjekt er Heievegen, Bygdevegen, Livegen osv. Ein del større vegprosjekt vert og gjennomført av prosjektleiarane.

Typisk sommarvedlikehald er kantslått, siktsonerydding, skraping, lapping og støvbinding av grusvegar, grøfting, reinsk og utskifting av stikkrenner, reparasjon av rekkverk, reparasjon av ljosanlegg, lapping og ordning av asfalt, vedlikehald og reingjering av plassar og vegar osv.

3.2.2 Vinterdrift

Vintertid er drifta to-dela med kommunal og privat brøyting og strøing. Det er nettopp inngått nye 5-års kontraktar med private brøytarar/strørarar der det har kome inn tilbod. Endringa frå tidlegare praksis er at Vinje kommune brøyter og strør ein rode i Rauland i tillegg til det me har i Åmot.

Ut frå ei samla vurdering er det mest hensiktsmessig at kommunen har ein del i eigen regi og ein del i privat regi. På denne måten kan kommunen supplere med vedlikehald på stadar der private av ulike grunnar treng bistand til dømes ved maskinhavari, ekstremver eller andre krevjande hendingar som ikkje kan påreknast ligg inne i avtaler med private kontraktørar.

3.2.3 Overvasshandsaming

I hovudplan for vatn og avløp er utfordringane knytt til overvasshandsaming omtala på eit overordna nivå. I hovudplanen for VA ser ein for seg at sikringsarbeid knytt til

bustadfelt og større flaumhendingar vert omhandla medan problematikk rundt stikkrenner og avleiing av vatn rundt veganlegg ligg i vegplanen.

Det har blitt krevjande å halde tritt med dei ulike klimatiske tilhøve dei siste åri. Nokre år er prega av mykje kulde og barfrost medan andre år dominerast av mildver og mykje nedbør. Vinje kommune har relativt bra utstyr knytt til tining av stikkrenner, minigravar (5 tonn) for grøfing og reinsk men bør vurdere investering i spyleutstyr kanskje i samarbeid med andre.

Tette stikkrenner eller grøfter vert ofte sett på som manglande vedlikehald og kan i tillegg til skade på vegar vere grunnlag for regress frå skadelidande tredjepart. Vinje kommune må forvente høgare driftsutgifter knytt til endringar i overvasshandsaminga i åri framover.

3.2.4 Bemanning

Drift og forvaltning av vegar i Vinje kommune ligg under teknisk drift og vedlikehald (TDV). Det er for tida tre fagarbeidarar som arbeider fast på vegvedlikehald samt oppsynsmann som deltek i vaktordning for vintervedlikehald og organiserar innleige av private kontraktørar. I tillegg har vaktmeistarane (tre fagarbeidarar) på Rauland no ansvar for brøyting og strøing i Rauland sentrum. Desse er organisera med eige vaktordning kombinera med vaktmeistarstillingane.

Vinje kommune meiner dagens løysing med delvis innleige og delvis eigenregi er det som gjev best vedlikehald og er mest lønsamt for kommunen. Vinje kommune varslar ikkje noko auka bemanning på område veg frå dagens situasjon men ynskjer å behalde talet tilsette knytt til veg (det vil sei ingen reduksjon ved naturleg avgang).

3.3 BESKRIVING OG TILSTAND AV DET KOMMUNALE VEGANLEGGET

3.3.1 Vegar - beskriving og tilstand

Vinje kommune har ca. 92 km med kommunale vegar. Av dette er ca 37. km grusvegar. Det er ca. 55 km med fast dekke.

Type veg	Lengde/areal
Samlevegar	92 km
G/s-vegar	3 km/9000 m ²
Fortau	2000 m/5000 m ²
Parkeringsplassar	34000 m ²

Vinje kommune har leigd inn Rambøll som rådgjevar på bereevnemålingar og utført tilstandsvurderingar på bakgrunn av målingane. Metodikken og resultatet for bereevnemålingane gjeng fram av vedlegg 3 – (Notat bereevnemålingar Vinje kommune 2013)

Samstundes med bereevnemålingane utførte Rambøll fotografering av alle strekningane der målingar vart utført. Bilete er kartfesta på same måte som bereevnemålingane.

I 2014 avslutta Vinje kommune samarbeidet med Rambøll der dei tolka og laga strekningsvise tiltaksplanar for alle dei kommunale vegane i kommunen (vedlegg 2 – forsterkning av kommunale vegar i Vinje kommune). Oversikt over dei ulike strekningane gjeng fram av kartmateriale – vedlegg 4. Utklyppa under syner korleis kommunen no tolkar dei ulike målingane samt forslag til strekningsvise tiltak. Døme er frå Utgardsvegen rundt avstand 1,4 km frå start målepunkt.

1 Tiltaksplan utgardsvegen

Kv 5-1 Utgardsvegen, lengde 2 243 m

Generell beskrivelse

Vegen har et forholdsvis nytt asfaltdekke, men har allerede fått noen langsgående sprekker midt i vegen, samt at noen steiner er på tur opp i dekket. Vegen er smal (ca. 4 m) og det gir stor påkjenning midt i vegen.

Det er antatt en trafikkbelastning på 6 tunge kjøretøy pr dag.

Bæreevne måling

Nedbøyning i geofon G120 er liten på hele strekningen. Dette betyr at undergrunn har god bæreevne.

Nedbøyning i geofon G45 varierer mye, fra liten til stor. Dette betyr at bæreevnen i forsterkningslaget også varierer fra brukbar til dårlig.

Gjennomsnittsbæreevnen er 8,4 tonn mens strekningsbæreevnen er 6,0 tonn.

Tiltak


Det er ønskelig at vegen forsterkes til 10 tonn aksellast hele året.

Bæreevnen må økes med 4-6 tonn. For å oppnå dette burde eksisterende asfalt blitt fjernet, nytt forsterkningslag/bærelag i ca. 40 cm, samt nytt asfaltdekke. Dette vil uansett bli kostbart og gi smalere veg, eller enda dyrere med breddeutvidelse.

Når vegen nå nylig er asfaltert så vil vi foreslå følgende tiltak neste gang:

- Nødvendig grøfterensk/kantrensk
- Asfalt av typen mykasfalt (Ma 11) legges i 2+4 cm tykkelse (50+100 kg/m²), med selvklebende asfaltarmering mellom asfaltlagene.

2 Diagrammet syner bereevne på del av Utgardsvegen



Rambøll AS, Trondheim

Side 6 av 152

Målt juli 2013

2 Bilete teke ved km 1,4 Kv05 - 1400



3.3.2 Bruer og kulvertar – beskriving og tilstand

Vinje kommune har ein rekke bruer og bruanlegg. Under bruer ligg og større kulvertar som tidlegare har vore bruer. Døme på slike anlegg er nedre del av Bygdevegen i Edland der kommunen har erstatta gamle bruer med kulvertsystem. Desse kulvertane er lange og store og har trong for rekkverk og noko ettersyn som bruanlegg.

Dei siste åri er fleire bruer erstatta med nye og det siste prosjektet var Heiebru i Smørklepp/Mogane. Elles er Botne bru ny i 2008, Sveigebru ny i 2009, Verstoffbru (restaurert) 2010.

Vinje kommune har om lag 14 bruer som ligg under tilsyn og vert fylgt opp i forvaltning og drift. Ein oversikt over bruene gjeng fram av tabellen under:

Brunavn	Vegklasse Bk	Vegnavn	Tiltak/tilstand
Øye	8	Kostveitvegen	Nytt rekkverk/auka Bk
Solli	8	Trovatn	Rekkverk/ avslutning
Buvassåi	8	Lidvegen	Vurdere rekkverk vedlikehald
Sprengbekk	8	Kromvikvegen	Rekkverk / Auka Bk
Botne	10	Berdalsvegen	Ny
Heie	10	Heievegen	Ny
Sveivehyl	8	Tjønnegrend	/Kulvert
Sveige bru	10	Kromvikvegen	Ny
Kjekkhusland	8	Brekkavegen	Rekkverk
Vikåi	8	Lidvegen	Rekkverk / Auka Bk
Versto	8	Tjønnegrend	Restaurera / Auka Bk
Krossbakken	8	Våmartveit	Rekkverk
Ljoså	8	Kromvikvegen	Rekkverk / Auka BK

3.3.3 Ljosanlegg

Vinje kommune har ein rekke ljosanlegg på kommunale vegar og gs-vegar i tillegg til enkeltpunkt visse stadar der det er naturleg for kollektivstopp eller skyss av skuleborn.

Ved større investeringar på kommunale vegar eller gs-vegar har det vore utskiftingar av ljosanlegg eller nye anlegg. Det har og vore fokus på utskifting av gamle armaturar i høve sparepærer og PCB haldige armaturar.

Det har og vore diskusjonar kring eigarskapen til ljosanlegg på dei gamle fylkesvegane. Desse vegane kunne kommunen tidlegare søkje trafikksikringsmidlar til ljosanlegg mot at kommunen drifta desse anlegga. Etter vegreforma der ein rekke riksvegar har blitt omklassifisert til fylkeskommunale vegar har diskusjonen om kven som svarar for drift og vedlikehaldsutgifter av mellom anna ljosanlegg kome opp att. Inntil vidare held praksisen fram med at Fylkeskommunen svarar for drift og vedlikehald på ljosanlegg langs tidlegare riksvegar medan kommunen svarar for anlegg på delar av dei gamle fylkesvegane.

Oversikten under syner kva ljosanlegg kommunen driftar i dag på dei ulike vegane.

Vegnavn / område	Eigar (K/FK/SVV)	Antal punkt lengde	Tiltak/tilstand
Edland / Haukeli	K	171	Bygdevegen led 10 Års levetid
Åmot	K	231	
Arabygdi	K	3	
Grungedal	K	33	
Rauland	K	191	
Vinjar	K	7	
Øyfjell	FK	7	

3.3.4 Rekkverk

Ein rekke vegar og gs vegar har i dag rekkverk og det er trong for utskifting og forsterkning på ein del av desse. Rekkverk knytt til bruer ligg i tiltak knytt til bruanlegg. Oversikten under syner dei viktigaste strekningane med rekkverk.

Vegnavn / område	Type rekkverk	Lengde (ca. tal)	Tiltak/tilstand
Edland	Autovern	980	
Rauland			

Våmartveit	Autovern	130	Bør aukast 700 m
Haukeli	Autovern	470	
Åmot	Autovern/	460	
GS-veg Åmot	Flettverk	230	GS rekkverk/dårleg
Kostveit	Autovern	200	
Tjønnegrend	Autovern	140	

4. PRIORITERINGAR AV FRAMTIDIGE INVESTERINGAR

Vinje kommune har i dag ein gjeldande vegplan vedteke i formannskapet 13.09.2012 for perioden 2012 – 2016. Denne prioriteringslista er no klar for revidering fordi fleire av prosjekta er gjennomført samt at TDV ynskjer å gjer merksam på andre veganlegg som treng prioritering i høve dagens standard.

4.1 PRIORITERING AV VEGPROSJEKT

TDV foreslår følgjande kriterie for prioritering av standardheving på dei kommunale vegane:

1. Antal fastbuande som nyttar vegen – vektast 50 %
2. Anna bruk i næring – vektast 25 %
3. Dagens standard - vektast 25 %

Det vil sei at matrisa ein set opp ikkje berre styrast etter kor vegstandarden er dårlegast men og bruken og tal på fastbuande.

4.1.1 Prioriteringsliste vegprosjekt 2015-2018

År	Vegstrekning	Kostnad i 1000
2015	Delar av Åbøvegen	1500
2015	Delar av Brekkavegen	1500
2015	Vurdere rekkverk på nokre bruer, samt autovern og asfaltering nokre strekningar.	1000
2015 / 2016	Utviding av vegen Juvbakk frå E134	7000
2016	Delar av Kostveitvegen (endring av Bk)	2000

2016	Delar av Våmartveitvegen (endring av Bk)	3000
2017	Delar av Tjønnegrendsvegen (endring av Bk)	2000
2018	Reasfaltering av gamle bustadfelt i Åmot	2000
2018	Generelle tiltak på Heievegen, Bygdevegen, Lidvegen for heilårsveg Bk 10	2000

4.2 DIMENSJONERING OG KLASSIFISERING AV VEGAR

Vinje kommune meiner det er viktig at bruken vert mest mogleg fleksibel og ynskjer å gå vekk frå reduksjon av akseltrykk på dei kommunale vegane. Også vegvesenet har dette som målsetjing på offentlege veganlegg. Grunnen til dette er mellom anna at reduksjon av akseltrykk er;

- Problematisk å overhalde – kontrollere
- Er utfordrande i høve næringsverksemd her under – skogsdrift, anleggsdrift og generell køyring med tyngre køyretøy i vårløysinga
- Perioden for redusert akseltrykk i vårløysinga varierar frå år til år med tanke på tidspunkt og lengde. Visse år varar restriksjonane i særlege område over to månader.

Ved oppklassifisering av vegane må det takast høgde for tiltak og ved bruer. Dette er teke høgde for ved nokre bruer allereie i dag men det er truleg trong for vurdering kring nokre større bruer knytt opp mot bruksklasse og totalvekt.

4.2.1 Vegar som bør ha auka bruksklasse

I fyrste omgang må kommunen ta høgde for omsynet til bruksklasser ved planlegging av nye prosjekt slik at nye tiltak tilfredsstiller ynskja bruksklasse. Døme på vegar som på sikt bør få auka bruksklasse er:

- Våmartveitvegen – auke bruksklasse til Bk10
- Tjønnegrendvegen – auke bruksklasse til Bk 10
- Kostveitvegen – auke bruksklasse til Bk 10
- Lidvegen – auke bruksklasse til Bk 10
- Trovatn – auke bruksklasse til Bk 10
- Delar av Kromvikvegen – auke bruksklasse til Bk 10
- Heievegen – auke bruksklasse til Bk 10
- Berdalsvegen – auka bruksklasse til Bk 10

4.2.2 Fjerning av akseltrykkreduksjonar

Det bør vere ein langsiktig målsetjing å fjerne akseltrykkreduksjonane på dei kommunale vegane. Men det er viktig å vere merksam på at kommunen er til ein kvar tid ansvarleg

for at vegane klarar den beringa dei er klassifisert for. Det er særleg skulderparti på vegane som må forsterkast for å kunne unngå akselreduksjonar samt noko generell forsterkning på toppdekke og berelag.

4.2.3 Grusdekke eller fast dekke

I dagens vegplan leggast det opp til fast dekke på mange av dei kommunale vegane. TDV har sjølve ynskja dette og det underlettar vegvedlikehalde mange stadar. Men om målsetjinga til kommunen skal vere å auke standarden til Bk 10 heilårsveg bør fast dekke nedprioriterast i område der det er mykje næringsdrift i utfordrande periodar. Det er urealistisk at kommunen kan masseutskifte og halde Bk 10 heile året med fast dekke utan at dette går ut over kvaliteten på asfalten.

Det er dyrt å leggje asfalt og det er dyrt å fjerne asfalt på dårlege strekningar – difor bør kommunen vurdere bruken når det gjeld framtidige vegprosjekt. Følgjande vegar bør difor som topplag ha:

Grusdekke:

- Berdalsvegen
- Våmartveitvegen
- Kostveitvegen
- Tjønnegrendsvegen
- Kromvikvegen
- Brekkavegen

Fast dekke:

- Kommunale bustadfelt og sentrumsområde
- Heievegen (er alt asfaltera)
- Bygdevegen (er alt asfaltera)
- Lidvegen (er alt asfaltera)

5. NASJONALE OG LOKALE FØRINGAR

5.1 NASJONALE FØRINGAR

5.1.1 Plan og bygningslova

Plan- og bygningslova er den generelle arealdisponeringslova i Noreg. Arealplanar og reguleringsplanar legg føringar på korleis areala i dei enkelte områda kan utnyttast. Også veganlegg er underlagt plan og bygningslova og ved planlegging av nye vegar er det krav om reguleringsplan og detaljplan.

5.1.2 Veglova

Offentlig veg er veg eller gate som er open for allmenn ferdsel og som blir halden ved like av stat, fylkeskommune eller kommune etter reglane i kap. IV. Alle andre vegar eller gater blir i denne lova å rekne for private.

Til veg blir òg rekna opplagsplass, parkeringsplass, haldeplass, bru, ferjekai eller anna kai som står i beinveges samband med veg eller gate.

Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

5.2 LOKALE FØRINGAR

5.2.1 Retningslinjer for klassifisering av privat og/eller kommunal veg

Vinje kommune vedtok i formannskapet 2004 retningslinjer for omgjerung av privat veg til kommunal veg. Retningslinjene gjeng fram av vedlegg 5.

5.2.2 Reglar for tilskot til drift av private vegar

Vinje kommune har ei tilskotsordning for drift av private vegar. Ordninga vert finansiert over kommunebudsjettet og utgjer om lag kr 310 000 i 2014. Vedlegg 6

5.2.3 Trafikksikringsplan

Trafikktryggleiksplanen er viktig for korleis kommunen skal handtere utfordringane til trygg ferdsel på og langs vegnettet i kommunen. I Vinje kommune sin trafikktryggleiksplan er det lagt opp til mange tiltak knytt opp mot E134 og mange fylkesvegar i tillegg til dei kommunale vegane.

Kommunane kan søkje om støtte til trafikksikringstiltak langs kommunale og fylkeskommunale vegar.

5.2.4 Arealplanar

Stort sett alle arealplanane i kommunen har anten offentleg eller private vegar som ein del av planen. Kommunen må i slike planar sikre at veglova vert fylgt og at naudsynte rettar vert sikra ved godkjenning av slike planar.

5.2.5 Klima- og Energiplan Vinje kommune

Planen gjeld for perioden 2010-2013 og har gode målsetjingar i høve alternativ energibruk. Ved neste rullering av planen bør det og drøftast generelle klima utfordringar for Vinje kommune knytt til ekstremver med påfølgjande flaum, tørke etc.

6. ØKONOMIPLAN OG BUDSJETT

Vinje kommune har dei siste åra vedteke eit årleg budsjett mellom 2 og 4 millionar til opprusting av kommunale vegar. Under kapittel 6.1 ligg tali frå økonomiplanperioden 2014 – 2017.

Det er gjennomført ny konkurranse og utlysing av vintervedlikehald i kommunen hausten 2014. Det er om lag 10% auke på kostnader frå siste kontraksperiode. Det er no inngått 5 års kontraktar.

6.1 *INVESTERINGAR 2014-2017*

Investeringar	2014	2015	2016	2017
Kommunale vegar	4 000 000	2 000 000	2 000 000	0
Bruer	1 500 000	0	0	0
Gs - vegar	2 000 000	0	0	0
Maskiner veg	500 000	1 000 000		

6.2 *DRIFT*

Tabellen under syner kor mykje kommunen nyttar på all drift av dei kommunale vegane. Av desse summene går om lag 3 millionar årleg til private kontraktørar knytt til vintervedlikehald – noko avhengig av vintrane. NB rekneskapen for 2014 er ikkje komplett.

Ansvar	Ansvar(T)	Regnskap 2014	Regnskap 2013	Regnskap 2012	Regnskap 2011
605	SUM TEKN. VEGAR KOMM./PRIVATE	5 062 941,05	6 019 666,11	5 673 417,88	5 184 578,80
60*	Andel private brøyting strøing	2 817 867,16	2 501 005,06	3 340 966,55	2 492 592,76

6.3 KOSTRATAL

I høve andre kommunar ligg Vinje kommune om lag på landsgjennomsnittet både når det gjeld driftsutgifter og produktivitet. I høve investeringskostnader ligg Vinje kommune monaleg høgare pr innbygger enn samanliknbare kommunar i gr 3.

M. Samferdsel - nivå 2 - 2013	0834 Vinje	Gr. 03	Telm	Landet uten Oslo	Landet
Prioritering					
Netto driftsutgifter i kr pr. innbygger, samferdsel i alt	1954	1830	1148	866	793
Netto driftsutgifter i kr pr. innbygger, komm. veier og gater	1954	1756	1051	835	765
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	86595	81278	100243	98037	99600
Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg.	3,1	2,8	2,1	1,7	1,5
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr per innbygger, samferdsel i alt	1535	1395	819	643	576
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. innbygger, kommunale veier og gater	1535	1386	743	630	564
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate	68036	64153	70655	74373	73844
Brutto investeringsutgifter i kr pr. innbygger, samferdsel i alt	5090	1655	978	785	767
Brutto investeringsutgifter i kr pr. innbygger, komm. veier og gater	5090	1586	808	741	729
Kostn. i kr til gatebelysn. pr. km komm. vei, konsern	6100	12386	17688	17597	19011
Kostnader i kr til gatebelysn. pr. lyspunkt, kommunal vei og gate	349	586	641	662	692
Kostn. i kr til gatebelysn. pr. lyspunkt langs fylkes-/riksvei som kommunen betaler for	645	592	519	670	699
Kommunalt tilskudd i kr pr. km privat vei, konsern	7070	5605	4758	4417	4404
Dekningsgrad					
Gang- og sykkelvei i km som er et kommunalt ansvar pr. 10 000 innb., konsern	13	16	11	13	13
Andel kommunale veier og gater med fartsgrense 40 km/t eller lavere, konsern	47,6	22,6	44,5	37,2	38,3
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	87655	84948	106677	120936	135603

Brutto driftsutg. i kr pr. innbygger for komm. veier	1978	1835	1122	1025	1036
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate inkl. gang/sykkelvei	82730	79316	96175	105380	115893
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate	69095	67823	77468	96746	109335
Brutto driftsutg. ekskl. avskrivninger i kr pr. innbygger for komm. veier og gater	1559	1465	815	820	836
Korrigerte brutto driftsutg. i kr pr. km komm. vei og gate	87655	79915	100466	113255	127841

7. VEDLEGGSOVERSIKT

VEDLEGG 1 – VEGLISTE VINJE KOMMUNE

VEDLEGG 2 - FORSTERKNING AV KOMMUNALE VEGAR I VINJE KOMMUNE - RAMBØLL

VEDLEGG 3 – NOTAT BEREVNEMÅLINGAR VINJE KOMMUNE 2013 - RAMBØLL

VEDLEGG 4 – KART OVER DEI ULIKE STREKNINGANE - RAMBØLL

VEDLEGG 5 – FØRESEGNER FOR KLASSIFISERING KOMMUNAL/PRIVAT VEG

VEDLEGG 6 – REGLAR FOR KOMMUNALT TILSKOT TIL PRIVAT VEG VK

VEDLEGG 7 – TILSTAND BRUER I VINJE KOMMUNE

VEDLEGG 8 – VEGPLAN 2013 - 2016

VEDLEGG 9 – DIVERSE UTGREINGAR RAS, FLAUM

Vedlegg 9-1 – Utgardsvegen 2006 - Stabilitet

Vedlegg 9-2 – Utgardsvegen 2013 – Stabilitet

Vedlegg 9-3 – Bratlandsfeltet 2006 – Ras

Vedlegg 9-4 – Sagabekken - Flaum